



STATSFORVALTAREN I VESTLAND

Statens hus, Njøsavegen 2

6863 LEIKANGER

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Svein Marken	952 12 653	2021/2277-4		18.10.2021

Uttale søknad om dispensasjon - kai - 153/132

Kvinnherad kommune har motteke søknad om dispensasjon for oppføring av kai, journalført 01.09.2021.

Omsøkt tiltak krev dispensasjon frå pbl. § 1-8 Forbod mot tiltak mv. langs sjø og vassdrag, samt føresegn 8.7 ; Friluftsføremål i sjø i Kommuneplan for Kvinnherad 2018 - Arealdelen


Arealføremål:

Friluftsføremål i sjø i Kommuneplan for Kvinnherad 2018 - Arealdelen

Andre typar bebyggelse og anlegg (naust) på land.

Det er sett byggjegrænse mot sjø på staden

Kartutsnitt med byggjegrænse




Eigedomen:

Grunneigedomen er 112m². Eigedomen ligg tett til Sundsvegen, og er bebygd med naust. Det ligg fleire naust både sør og nord for eigedomen. Det er fleire kaier og flytebyggjer i nærleiken.


Tiltaket:

Kai med breidde 6 meter og lengd 8 meter som utbedring av eksisterande naustfront.

Tiltaket målsett i flyfoto



Oversiktsbilete frå staden, tiltaksområde ned til høgre



Natur og kulturmiljø:

Det er ikkje funne registreringa i Naturbasen eller Artsdatabanken korkje på sjø eller land.

Friluftsliv:

Område er kartlagt som eit leike og rekreasjonsområde. Roleg farvatn nytta til friluftsliv. Eigna til roing, padling og segling. Skulekai i sør-aust av vågen utgangspunkt for turar. Base for friluftsliv i sør-vest. Langgrunne i nord.

Landskap:

Området i sjø er utbygd med utliggar for båtar både i vest og i nord. Området er tilrettelagt for båtliv og tilhøyrande aktivitetar.

Aktuelle lovheimlar:

Det planlagde tiltaket krev dispensasjon etter pbl. § 19-2 frå pbl. § 1-8 om forbod mot tiltak mv. langs sjø og vassdrag, samt friluftsføremål i sjø i Kommuneplan for Kvinnherad 2018 - Arealdelen. Intensjonen i lova er at det er eit nasjonalt mål at strandsona skal bevarast som eit natur- og friluftsområde som er tilgjengeleg for alle. I plan- og bygningslova § 1-8 fyrste avsnitt framhevar lovgjevar at det skal takast særleg omsyn til natur og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser i dispensasjonsvurderingar innanfor 100-metersbeltet. Dersom det skal gjevast dispensasjon må omsyna bak reglane det vert dispensert frå, eller omsyna i føremåla til lova, ikkje verta vesentleg sette til side. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene etter ei samla vurdering.

Førebels vurdering:

Kai er tenkt som ei forlenging av eksisterande naustfront. Det ligg kaiar og flytebyggjer på eigedomane både nord og sør for omsøkt tiltak.

Ein skal ta særleg omsyn til friluftaktivitetar som segling, padling, fiske, bading og dykking på staden. Tiltaket er slik plassert at det påverkar i svært lita grad allmenn ferdsel. Ei heller finn ein noko negativ påverknad for natur, kultur og friluftsliv. Tiltaket er slik plassert i forhold til omgjevnadane og i størrelse at ein ikkje vurderer dette som ei vesentleg til side setjing av føremålet på staden. Administrasjonen er so langt positiv til ein dispensasjon i denne saka.

Vi imøteser Statsforvaltaren i Vestland si uttale i saka.

Med helsing

Svein Marken
Rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.